# LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 04.11.2017 |
| Vår: 17/2306 - 17/31683 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Oversending søknad til uttale - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gbnr 118/2 og 118/11. Eigedomane ligg i LNF-området. Det vert vurdert at areala som skal tilbakeførast til bnr 2 er i samsvar med LNF-føremålet, men at arealet som skal overførast frå bnr 2 til bnr 11 (det vil seie den opparbeidde hagen) krev dispensasjon. Tiltaket krev ikkje jordlovshandsaming, sjå skriv frå Landbruksavdelinga av 25.08.2017. Det er heimelshavarane av eigedomane, Asgeir Helle og Sissel Turner, som fremjar dispensasjonen.

Bakgrunnen for søknaden er at gbnr 118/11 nyttar areal frå gbnr 118/2 som hage (ca. 650m$^2$) og det er ønskje om å tilpasse eigedomsgrensane til noverande bruk.

**Planstatus**
Eigedomane ligg i område som er omfatta av kommuneplanen 2011-2023. Området er avsett til LNF-føremål.

Utsnitt av kommuneplanen




Utsnitt grunnkart

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM




**Tilkomst**
Det er inga endring i tilkomst til eigedomane med tiltaket.

**Vatn og avlaup**
Det er inga endring i vatn- og avlaup til eigedomane med tiltaket.

**Andre tilhøve**
Det er i søknaden vist til situasjonskart, datert 11.07.2017. Parsell A (650$m^2$) skal vere hage til gbnr 118/11. Parsell B+C (400$m^2$+250$m^2$) skal overførast til gbnr 118/2. Det er om lag same areal som overførast mellom eigedomane.

Dispensasjonen er ikkje nabovarsla. Tiltaket er nabovarsla og illustrert i søknad om arealoverføring. Det gis fritak for å nabovarsle dispensasjonen, jf. pbl. § 21-3 annet ledd.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om oppretting/endring av matrikkeleining - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle
Søknad om dispensasjon - gbnr 118/2 og 11 Tykhelle
Saka krev ikkje jordlovsbehandling
Grunnkart matrikkel - gbnr 118_2 og 118_11

**Vedlegg:**
Kommuneplankart  oversikt- gbnr 118_2 og 118_11
Kommuneplankart - gbnr 118_2 og 118_11
Ortofoto - gbnr 118_2 og 118_11

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Asgeir Helle | Olaf Ryes vei 11 C | 5007 | BERGEN |
| Sissel Judith Turner | Mongstadvegen 178 | 5955 | LINDÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |

Landbruksavdelinga
Planavdelinga